

**Fra:** Kjartan Rødland (kjartan.rodland@gmail.com)  
**Sendt:** 30.06.2015 16:30:26  
**Til:** Fylkesordførar  
**Kopi:**

**Emne:** HORDALAND FYLKESKOMMUNALE GYMNAS

**Vedlegg:**

Kjære fylkesordførar,

I dagane 28. og 29. august skal kullet frå Hordaland fylkeskommunale gymnas i 1965 vera samla for å feira 50 års jubileet sitt. Det vert ikkje fleire, for same året vart skulen lagt ned.

Grunnen til nedlegginga var at skulen var altfor god – som regel den beste av gymnasa i Bergen, og at han var for billeg – heile administrasjonen heldt til i eit lite kott til låns på gamle U. Pihl skole. Men han passa ikkje inn i det nye distriktsskulemønsteret som Stortinget hadde vedteke.

Ei gruppe av oss gamle elevar fekk i 2007 laga ei bok om skulen, «Dei siste bondestudentane», og vi har no samsnakkast om at dette miraklet av ein bygdeskule i byen burde få eit anstendig «gravøl» ved dette høvet.

Vi hadde tenket oss eit minnemøte, og den nyaste vidaregåande skulen i Bergen, Amalie Skram, har raust lova å låna oss eit auditorium til eit slikt møte, knytt saman med feiringa av 50 års jublantane, dei verkeleg «siste bondestudentane».

I vinter vende eg meg både til opplæringsavdelinga og opplærings- og helseutvalet med spørsmål om dei kunne hjelpa oss med å få i stand eit slikt møte, men eg har enno ikkje høyrte frå dei.

Men er det ikkje naturleg at Hordaland fylkeskommune stod for eit slikt møte? Utgiftene er ikkje store, det viktigaste er å nå tidlegare elevar med ei innbyding – då vi laga boka, fekk vi sendt brev til alle dei ca. 600 tidlegare elevane og lærarane, men eit så stort arbeid greier vi ikkje ein gong til – så beste måten er å annonsera møtet, så får dei koma som vil og kan.

Programmet for møtet kan sjølvsagt vi gamlingane ta på oss.

Det var ikkje berre HFG som vart nedlagt (det einaste fylkeskommunale gymnaset i landet), det var også landsgymnasa. I Hordaland var det Voss landsgymnas, men dei reknar seg ikkje som nedlagt, sidan dei heldt fram som distriktsgymnas.

Eg ville setja pris på å høyra frå dykk om denne saka så snart råd er – vekene går fort i ferietida!

Beste helsing

Kjartan Rødland (avgangselev 1957)

Øyravegen 47

5723 Bolstadøyri

Epost: [kjartan.rodland@gmail.com](mailto:kjartan.rodland@gmail.com)